



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600

Referat frå møte i Vikøy sokneråd 25.08. 2026 kl.19.00

Frammøtte: Helene, Erling, Solfrid, Astrid, Vetle, Magne, Randi og Gudrun. Tove hadde meldt forfall.

Opning v/Solfrid: Johs 14 I min fars hus er det mange rom

Kaffi og noko å bita i: Randi

29/26 Godkjenning av innkalling og referat

Innkallinga vart godkjend. Referatet må rettast pga ombytta datoar for temakveldar. 12.oktober: Nadia Ansar og 23.oktober: Jostein Ørum.

30/26 Evaluering/orienteringssaker:

- **Staben hausten 2026.** Vetle orienterte.
- **Plan for haustsemesteret.** Sjå brev.
- **Vennefest** SR tek ikkje ansvaret i haust, men mange kan vera med på dugnad om det vert arrangert.
- **Bøneveke 2027** : SR må ta stilling til om me vil fortsetja å ha ei bøneveke. Den kan evt.gjerast enklare, t.d. ha tema som Kristuskransen, og byggja på arbeid som allereie skjer.

31/26 MILK – Minilederkurs, for fjorårskonfirmantar. Dette er eit arbeid retta mot ungdommar som prestane våre ønskjer å starte opp. Eit slik arbeid vil innebere ein økonomisk kostnad, 10.000 kroner i innmelding, og kanskje meir alt etter kva omfang det blir i. Men det er ønskjeleg å ha ein tur til Taize i Frankrike inn i opplegget (MILK2-år). Vetle orienterer.

Vedtak: SR er einige i at me kan inngå ein intensjonsavtale.

32/26 Soknerådsva 2027: I vår har spørsmålet om samanslåing av sokn før neste soknerådsva vore oppe i administrasjonen og i sokneråda. I juni var saka oppe på soknerådsleiarmøtet. Det er ulike meiningar i sokna og tida er knapp til neste soknerådsva. Sidan motstanden mot samanslåing er betydeleg i fleire av råda, ønskjer kyrkjevevje og administrasjon å legge ballen død no, og tek ikkje fleire initiativ til samanslåing i denne omgang. Sokneråda må dermed bu seg på ein ordinær runde med nominasjonar til nytt sokneråd i 2027. Derfor må me ta opp desse spørsmåla:

- Kven ønskjer å halde fram i soknerådet i neste periode?
- Kven kan me utfordre til å vere nominasjonskomitè

Vedtak: Alle i SR + vara fekk uttala seg om det var aktuelt med attva. Det vart føreslått 3 namn som skal spørjast om å vera nominasjonskomitè saman med SR.

33/26 Strategi-notatet: Me ber om at soknerådet les dokumentet «Heilskapleg plan for sokna i Kvam» som er vedlagt, det bli høve til innspel. Er dette ein plan som kan fungere for sokna i Kvam? Ønskjer ein å endre på noko?

Dette er ein heilskapleg plan som gjeld for 2027-2029. Han gjeld for alle mellom 0-100 år og skal erstatta dei andre planane (kyrkjemusikalsk plan, trusopplæringsplan og diakoniplan).

Me diskuterte kva som er nye ting, og kva aktivitetar som skal halda fram. SR ynskjer å ha med ein klar oversikt over Kva held me på med i dag – og kva vil me vidare. I tillegg påpeikte SR at det er lurt om oppbygginga av planen (del 1, del 2, del 3....)vert tydelegare.

Når planen er ferdig, skal han inn i «Kirka vår».

Vedtak: Dokumentet er undervegs. Vetle tek omsyn til kommentarane frå SR før han skriv dokumentet ferdig.

34/26 Konfirmantkapper (legg ved info-skriv), økonomi

Det er kome nytt initiativ om å bruke konfirmantkapper i Kvam. Dette spørsmålet var også oppe i førre soknerådsperiode. Kyrkjevevja ber oss om å ta opp saka i alle råda no tidleg i konfirmantåret. Refleksjonsnotatet frå Roar Strømme som ligg ved (forfatta i førre soknerådsperiode, men framleis aktuelt) oppsummerer tanken bak å bruke kapper

og seier også noko om finansiering. Det er sokneråda som samla avgjer dette spørsmålet. Fellesrådet må setja av midlar til kjøp av kapper på sitt budsjett for 2027. Sokneråda vil truleg verte bedne om å bidra økonomisk.

Vedtak: SR går inn for at det vert kjøpt inn konfirmantkappar. Det er tre argument for det: Konfirmantar og foreldre har etterspurt kappar, symbolikken og økonomi.

Sokneråda bidreg økonomisk og Fellesrådet eig kappane. Ein treng minst 40 stk. – i ulike storleikar. Det er viktig at foreldra vert orienterte tidleg.

35/26 Samarbeid om Fakkeltog for forfølgde kristne saman med indremisjonen og Framnes søndag 25. oktober. Dette arrangementet var opprinneleg planlagt 8. november, men er no blitt flytta til 25. oktober. Det er planlagt eit fakkeltog frå bedehuset til Framnes, med appell og informasjon på Framnes om kvelden. Ønskjer me å vere medarrangør til dette?

Vedtak: SR synst dette er ei viktig sak, men kan ikkje vera med i år.

36/26 Eventuelt

Kyrkjekaffi 6.sept.: 50-årsjubilantane har bestilt kyrkjelydssalen til eigen kyrkjekaffi. For resten av kyrkjelyden vert det heimelaga kaker + frukt servert i våpenhuset.

Kyrkjeskyss:

Det har kome ynske om kyrkjeskyss, og kyrkjevevja har utfordra soknerådet ta tak i dette.

Vedtak: SR ynskjer at det vert skrive i Kyrkjebladet om behovet for frivillege til ulike oppgåver i kyrkjelyden, m.a.denne oppgåva. Soknerådsleiaren snakkar med kyrkjevevja.

Gudrun Skeie Langeland, ref.